

PROSJEKTPLAN og arbeidstittel : **SQUASH - KULTURVEKST**

Søkjjarar:

Kunstnarhuset Messen i Ålvik
Kunstnarorganisasjonen Harding Puls
Kunsthuset Kabuso i Øystese



Samhandling og kompetansedeling

Me har saman etablert ei prosjektgruppe og eit nettverket mellom 3 kunstinstusjonar i Kvam og Hardanger. Gjennom fellesprosjekt vil me dra nytte av kvarandre sine ressursar og kompetanse og samtidig skapa ein plattform for dialog. Det sikrar ei vidare utvikling som skal skapa ein endå tydelegare kunstregion med interessante felles tverrfaglege prosjekt for kunstnarar og publikum.

Kunstfagfelt:

Alle tre institusjonane har forhold til fleire kunstfagfelt, som visuell kunst, musikk, film og litteratur som dei mest aktuelle.

Prosjektet me søker midlar til har 3 delføremål:

1. Skapa nettverk mellom kunstnarar i Hardanger og gjestekunstnarar i Kunstnarhuset Messen gjennom 1 - 1 dialog og samarbeid som skal føra til konkrete fellesprosjekt. Målet er at dei skal verta kjent med kvarandre og kvarandre sine kunstuttrykk og arbeidsprosessar og finna ut korleis dei vil samarbeide i neste fase. Sjå i punkt 2.
2. Skapa stadspesifikke kunstverk med tidsavgrensa varigheit. Kunstnaren frå Hardanger saman med gjestekunstnaren (heretter kalla par) skal i samarbeid/dialog enten skapa kvar sitt verk eller eit felles kunstverk. Kravet er at det skal kunne opplevast ute i naturen, parkar, eller andre uteområde.
3. Skapa nye formidlings- og undervisningsprosjekt for elevar og andre grupper, med utgangspunkt i kunstnarane sine arbeid og verk. Kunstnarane sjølve får i oppgåve å laga opplegg både born og unge i samband med kunstverka sine. Det kan og vera aktuelt at andre med tilknytning til prosjektet, får oppgåva med formidlinga og opplegget for born og ungdom. Kunstnarane kan og velje formidling og samarbeide med utvalde grupper av innbyggjarane.

I tillegg vil institusjonane som har ansvar for prosjektet også ha eit formidlingsansvar og skal til rette leggje for formidling til ulike grupper og gjerne nye grupper.

Deltakarar

Det vil verte eit hovudfokus på å knyte nettverk mellom kunstnarar frå dei andre nordiske landa og kunstnarane busett i Hardanger. Men me vil også å ha med kunstnarar frå andre land utanom Norden.

I 2017: 5 kunstnarar i Hardanger – 5 gjestekunstnarar

I 2018: 8 kunstnarar i Hardanger – 8 gjestekunstnarar

I 2019: 10 kunstnarar i Hardanger - 10 gjestekunstnarar

Søknad og utveljing av deltakarar:

Prosjektet vert i fyrste omgang annonsert gjennom kanalane til Kunstnarhuset Messen, Harding Puls og dei nordiske kulturkanalane.

Kunstnarane vert bedt om å sende inn søknad om å delta. Dei kan søkje separat og be om å bli kopla med ein anna kunstnar. Eller dei kan søkje saman med ein anna kunstnar som dei ynskjer å knyte nærmare kontakt med gjennom dette prosjektet. Den eine kunstnarane må vera busett i Hardanger, den andre frå eit anna land.

Prosjektgruppa har det faglege ansvaret og vurderer søknadane og avgjer kven som får delta i prosjektet. Gruppa har også høve til å invitere kunstnarar eller /og knyte til seg anna fagkompetanse i vurderinga av søkjarane.

Prosjektgruppa er:

Frå Kabuso: Heidi Jaeger, (kunsthistorikar og fagleg leiar for Kabuso)

Frå Harding Puls: Solfrid Aksnes (kunstnar og leiar av Harding Puls)

Frå Messen: Stig Lundblad Sandbakk (musikar og dagleg leiar av Messen)

Tid :

Dei to fyrste åra vil kunstnarane (para) ynskje seg eit tidsrom i løpet av året.

Kvart par skal bruka ein fellesperioden på mellom 1 – 3 månadar.

Det kan og vera at fleire par jobbar i same periodane eller overlappar kvarande.

Det siste året ser me for oss at alle para arbeider i same periode. Eller eventuelt vert fordelt på to periodar.

Stad:

1) **Nettverksbygging, dialog og planlegging:** Kunstnarane skal i perioden treffast jamleg i Kunstnarhuset Messen og heime hjå kunstnarane frå Hardanger.

2) **Plassering av stadspesifikke kunstverk, eller stad for oppleving.** I samråd med prosjektgruppa skal kvart par finne høveleg stader i Hardanger. Det kan for eks.vera aktuelt i parken til Kunsthuset Kabuso i Øystese, parken til Kunstnarhuset Messen i Ålvik, området til Hardanger Folkemuseum, men også på ukjende stader som publikum må leite seg fram til. Det tredje året vil me leggje ekstra vekt på å finne plasseringar kring i alle kommunane i Hardanger.

3) **Formidling og undervisningsopplegg**

Opplegg for born og unge på dei aktuelle plassane der kunstverka kan opplevast.

Kunstnarhuset Messen kan også brukast i delar av opplegget for born og unge. Opplegga vil varierer alt etter kva prosjekt kunstnarane vil gjere og kva dei vil formidle til borna.

I tillegg skal kunstnarane ha presentasjonar i Kabuso om den felles prosessen og om dei ferdig arbeida og om formidlinga til born og unge.

Bakgrunn og ressurs.

Kunsthuset Kabuso får i 2016 ein fast ljosiinstallasjon av James Turrell. Dette blir Turrell sitt nordlegaste kunstverk, og vil vere eit stadsspesifikt kunstverk som spelar tett på naturen. Kabuso utarbeidar eigne formidlingsopplegg til alle sine utstillingar, og vil med *Squash - kulturvekst*, bli ein aktør som formidlar ut til eit breitt publikum.

I Kabuso vil det og vere tilrettelagt for kunstnarpresentasjonar, konsertar mm i tilknytning *Squash - kulturvekst*.

Harding Puls: har gjennomført eit 3-årig prosjekt med kunstinstallasjonar ute i landskapet, Mellom Himmel og Fjord. SJÅ! Det vart og laga eit prosjekt der ein komponist og 5 musikarar laga eit eige musikkverk inspirert av eit av dei visuelle verka.

Organisasjonen og medlemmene har lang erfaring med å organisere og produsere kunstprosjekt og kunst- og musikalske stunt både ute og inne.

Kunstnarhuset Messen er den perfekte møteplassen for kunstnarar i Hardanger og gjestekunstnarar frå heile verden. Og er difor den naturlege fysiske plassen for å skapa nettverk mellom kunstnarane. Messen har gjestekunstnarar som arbeider med både visuell kunst, musikk, film og litteratur. Og me ser at mange er oppteken av naturen i sine arbeid. Kunstnarhuset har og god erfaring med undervisningsprosjekt for skuleelevar.

Ansvar

Prosjektgruppa har felles ansvar for prosjektet.

Formidling/undervisning: Messen og Kabuso.

Fagleg: Kabuso, Harding Puls og Messen

Marknadsføring: Kabuso Messen og Harding Puls

Økonomi: Harding Puls og Messen.

Koordinering og praktisk tilrettelegging: Messen og Harding Puls

Budsjett				
Squash - kulturvekst				
	2017	2018	2019	sum total
Honorar	300000	480000	600000	1380000
Reise	25000	33000	38000	96000
Kost/logi	80000	110000	120000	310000
Teknisk hjelp	15000	15000	20000	50000
Marknadsføring	60000	70000	80000	210000
Formidling og undervisning	70000	80000	90000	240000
Administrasjon	100000	110000	130000	340000
Dokumentasjon	15000	20000	25000	60000
Nettside	15000	7000	7000	29000
diverse	40000	40000	40000	120000
	720000	965000	1150000	2835000
Inntekt				
Squash -kulturvekst				
KUP - midler	200000	200000	200000	600000
Eigen del	20000	30000	50000	100000
Norsk kulturråd	100000	200000	200000	500000
Nordisk kulturfond	150000	150000	150000	450000
Kulturkontakt Nord	250000	250000	250000	750000
Sparebankstiftinga Hardanger		135000	200000	335000
Sparebanken Vest			100000	100000
	720000	965000	1150000	2835000